



BREMANGER KOMMUNE

Kommuneplanen

AREALDELEN 2004 – 2008 (2016)

-tekstdel -

Revidert 26.05.04

FØREORD

Kommuneplanen sin arealdel 2004 - 2008 (2016) for Bremanger kommune vil i åra framover være administrasjonen og politikarane sitt viktigast styringsverktøy, i forhold til arealforvaltning.

Planen er også viktig for kommunen si utvikling når det gjeld arealbruk og anna arealplanlegging. Den peikar ut areal som viktig satsingsområde og synleggjer eksisterande arealbruk.

På mange vis vil planen ha konsekvensar for dei som bur og lever i kommunen. Planen er og eit val av prioriteringar mellom ulike interesser og ønskjer.

Den skal og vere eit forsøk på å gi ei samla vurdering på kva som til slutt tener samfunnsutviklinga og innbyggjarane i Bremanger, no og i åra som kjem.

I stor grad vil planen være med på å legge grunnlaget for korleis statlege og regionale styresmakter vil handsame ulike saker frå Bremanger Kommune.

Svelgen 27.05.04

*Tor Kristian Gulhaugen
- administrasjonssjef -*

INNLEIING

Arealdelen i kommuneplanen, er eit kart med utfyllande føresegner. Kartet viser dei fastlagde arealbruksføremåla. Føresegnene utfyller og utdjuar arealbruksføremåla. Til saman utgjer dette den juridisk bindande delen av arealplanen. Tekstdelen er ei meir utførleg utgreiing om kva føresetnader planen bygger på, og kva grunngevingar eller vurderingar som ligg til grunn, for ein samordna plan for areal og naturressursforvaltning i kommunen.

Arealdelen skal famne om land og sjøarealet i heile kommunen. Likevel slik at stader med tettstadanning får eigne og meir detaljerte kommunedelplanar (områdeplanar). Desse er: Haugeområde frå Struen til Grotle, Kolset til Rugsund, Davik og Svelgen. Denne planen er laga som ein grovmaska plan, med ein detaljeringsgrad som er føremålstenleg på bakgrunn i trongen og kommunen sine ressursar.

AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN

Kvifor kommuneplanlegging?

- Synleggjer politiske prioriteringar for innbyggjarane og omverda.
- Viktig hjelpemiddel for å møte utfordringar kommunen står overfor.
- Kommuneplanen er eit samhandlingsprogram med regionale styresmakter.
- Lovverket pålegg kommunen å utføre samanhengande planlegging.
- Siktemålet er å samordne fysisk, økonomisk, sosial og kulturell utvikling i kommunen.


Kommunane skal etter plan og bygningslova (pbl) ha ein kommuneplan. Planen skal innehalde ein langsiktig og ein kortsiktig del.

Den langsiktige delen femner om ein arealdel som skal vere kommunen sitt overordna styringsverktøy for ei samordna forvaltning av areal og andre naturressursar.

Bremanger kommune har frå tidlegare godkjent kommuneplan frå 1990.

Denne planen hadde eit spesielt fokus på den langsiktige delen, som visjonar, strategiar og kopling til det kommunale handlingsplan/økonomiplan. I tillegg var det retta fokus på rapporteringssystem gjennom årsmeldingar.

Kommuneplanen sin arealdel i det kommunale plansystem.



Dette styringsverktøyet skal justerast etter trong. Kommunen må difor til ei kvar tid vurdere trongen for slike justeringar eller endringar. Trongen kan kome etter eige ynskje om vidareutvikling, nye vegval eller tilpassing til samfunnsutviklinga elles. Plan og bygningslova krev som eit minimum, at kommunestyret vurderer trongen for endring ein gong i løpet av kvar valperiode. Regionale og nasjonale omsyn skal innarbeidast i planen.

Eit slikt oppdatert overordna styringsverktøy skal gjere det lettare og raskare å gjere vedtak i einskildsaker.

Ein grovmaske arealdel gjev stor fridom til å gjennomføre tiltak.

Rettsverknaden til arealdelen er avgrensa til at det ikkje kan gjennomførast tiltak i strid med planen. Han gjev ikkje i seg sjølv heimel til å oreigne areal til dei planlagde føremåla. På den andre sida kan grunneigar krevje innløyning av areal som har vore avsett til bestemte føremål i meir enn 4 år.

Planen skal vere retningsgjevande for saksbehandling i kommunen.

Eventuell dispensasjon frå planen kan gjerast etter politiske vedtak (slik det er fastsett i retningslinjene til planen og plan- og bygningslova) dersom enkeltsaker er av vesentleg interesse for utviklinga i kommunen, eller i den del av kommunen saka gjeld.

Når kommunen skal bestemme detaljeringsgraden på arealdelen, er det viktig å vere klar over at føremålet med ein slik plantype, er å syte for at vidare planlegging og gjennomføring av einskildtiltak skjer innanfor ei heilskapleg ramme.

Arealdelen inneheld eit plankart med utfyllande føresegner etter plan- og bygningslova (pbl.) Arealet i kommunen er delt inn i desse arealbrukskategoriane, jf. pbl:

1. Byggjeområde
2. Landbruks-, natur- og friluftsområde
3. Område for råstoffutvinning
4. Område som er bandlagde eller skal bandleggjast i medhald av pbl. eller andre lover
5. Område for særskild bruk eller vern av sjø og vassdrag
6. Viktige ledd i kommunikasjonssystemet

Arealdelen skal leggjast til grunn for planlegging, forvaltning og utbygging i kommunen fram til år 2016, med den verknaden som går fram av pbl. §20-6.

Planprosess og organisering

Formelle føringar

Plan- og bygningslov: § 20-2. Organisering av kommuneplanarbeidet

"Kommunen organiserer kommuneplanarbeidet i samsvar med reglene i §§ 9-1, 9-2 og 9-3. Den oppretter de utvalg og treffer de tiltak som synes nødvendig for samordning, samarbeid og samråd etter § 16.

Fylkeskommunen skal så langt det er mulig gi kommunen planfaglig hjelp og rettledning.

Kommunen skal på et tidlig tidspunkt under forberedelsen søke samarbeid med offentlige myndigheter, organisasjoner m.v. som har særlige interesser i kommuneplanarbeidet"

Organisering av arealplanarbeidet:

Oppdragsgiver:	Kommunestyret
Prosjektansvarlig (PA):	Rådmann
Prosjektleder (PL):	Plan og IKT-sjef
Styringsgruppe:	Plan og utviklingsutvalet
Faggruppe:	Einar Leira, Bjørn Marthinussen, Magnhild Myklebust, Claus Røynesdal (Margun Indrehus frå 01.09.03) Arve Hole. Sekretær: Rune Indrehus

Arbeidsgruppe: Prosjektleiari oppnemner dei arbeidsgruppene det til kvar tid er bruk for.

Administrasjonssjefen har lagt vekt på å gjennomføre ein prosess, i dialog og medverknad med kommunen sine innbyggjarar.

Prosesen i tilknytning til kommuneplanen sin arealdel er svært arbeidskrevjande, både ut frå krav i lov og ut i frå forventningar frå innbyggjarane. Lag og organisasjonar er svært viktige for å få til lokal forankring, med mobilisering av folket. Dette samarbeidet ynskjer Bremanger kommune å bygge vidare på og styrke sambandet med andre planprosessar i tida framover. Gjennom arealplanprosessen har administrasjonen delteke på 4 bygdemøter. Ein har hatt fellesmøter og møter med grendelag og gjennomført 3 fylkeskommunale møter.

RIKSPOLITISKE BESTEMMELSER, RETNINGSLINER OG FØRINGAR

Nasjonale føresegnar og mål skal innarbeidast i dei kommunale planane.

Ei slik nasjonal målsetting er å sette dagsorden for arbeidet med miljø og utviklingsprogram i det 21 århundre.

Lokal Agenda 21A skal vere ei sektorovergripande ramme om kommuneplanarbeidet.

Dette har særleg relevans til arealdelen der det vil bli lagt vekt på ei berekraftig utvikling av areala og naturressursane.

Dei rikspolitiske føresegnene eller retningslinjene etter § 17-1 i plan og bygningslova er generelle. Det er utarbeidd slike retningslinjer for å ivareta barn og unge sine interesser og retningslinjer for ei samordna areal og transportplanlegging. Det er lagt vekt på å fremje ei ressursutnytting som er god og trygg for samfunnet, med gode løysingar for naturmiljø og bumiljø, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling.

Staten har lagt ned eit generelt bygge og deleforbod i 100 -metersbeltet langs sjøen.

Dette vernet er i utgangspunktet svært omfattande sjølv om det er lagt inn mange unntak. Føremålet med denne lovparagrafen er å sikre allmenta sin frie ferdsel til og langs stranda.

Fylkesmannen har bede Bremanger kommune om å avklare arealdisponeringa i strandsona.

Likeeins at kommunen legg registreringane som er gjort om natur og friluftsiinteressene, inngrepsfrie naturområde og kulturlandskap til grunn i arealplanarbeidet.

Helse og Sosialdepartementet sitt nasjonale program for vassforsyning har i høg grad relevans. Dette gjeld sikring av vasskvalitet ved at det vert lagt klausular på vasskjelder med nedslagsfelt.

Oppfølging av Miljøverndepartementet sin nærmiljøpolitikk krev også fysisk tilrettelegging både gjennom overordna arealplanar, reguleringsplanar og detaljerte utbyggingsplanar etter § 28-2 i pbl. Fysisk tilrettelegging i nærmiljø for familieliv, fritidsliv og dagleg virke for alle aldersgrupper er viktige element i nærmiljøpolitikken.

Dette innber at kommunen må legge vekt på ei tettstadutvikling der ein tek særleg omsyn til å ivareta natur- og landskapsverdiar, slik at flest mogeleg kan oppleve natur, og stimulerast til friluftsliv i nærmiljøet. Dette betyr mykje for alle, men mest for dei minst mobile, born og eldre.

Avgjerd som på førehand er fatta etter særlover utgjer ein viktig del av planføresetnadane.

Fuglelivsfreding i Frøyskjera i medhald av naturvernlova er eit døme på dette.

Ideelt sett bør forvaltning av areal og andre naturressursar skje etter ein samordna plan.

Det er slik samordna ressursforvaltning ein har høve til gjennom

kommuneplanprosessen, og då særleg arealdelen av denne. Det er då viktig at dei som har avgjersmakt etter særlover, deltek tidleg i denne samordnande planprosessen.

Det er dette kommunen oppmodar dei ulike styresmakter til i innspelfasen.

Statlege og fylkeskommunale organ har oppretta eit tverrsektorielt planforum som ein viktig ledd i ein slik samordningsprosess. - Dette planforum har Bremanger kommune hatt god nytte av i planprosessen.

Når arealdelen er eit samordna resultat av drøftingar mellom ulike styresmakter, er det forventa at dei med avgjersmakt etter særlover ikkje gjer vedtak som er i strid med

kommuneplanen. Det same er forventa også når dei folkevalde gjennom kommuneplanen har gjort vedtak om ein bestemt ressursbruk eller vern etter avveging mellom interesser.

Arealplanlegging er det viktigaste verkemiddel for å ta vare på det biologiske mangfaldet, vert det hevda frå sentralt hald. Dette synest å vere ei sanning med modifikasjonar.

Det biologiske mangfaldet er stort sett knytta til utmarka. I desse områda er det grunneigaren som forvaltar og føretek planteval med meir, eller det vert vedtekne verneplanar for å ivareta det biologiske mangfaldet etter særlover.

I medhald av pbl. § 17-1 er det gjeve følgjande rikspolitiske retningslinjer (RPR) som skal utgjere ein del av grunnlaget for kommunal planlegging:

”RPR for samordna areal- og transportplanlegging ”(T-5/93)

”RPR for å styrke barn og unges interesser i planleggingen ” (T- 1/95)

”RPR for verna vassdrag ” (T- 1082)

RELEVANTE FYLKESKOMMUNALE MÅL.

I fylkesplanen for Sogn og Fjordane er det lagt opp til fire innsatsområde for å betre livskvaliteten i fylket. Det er venteleg at Bremanger kommune må gå inn for dette etter vikåra for berekraftig utvikling. Såleis har kommunen vedteke (16.09.99 sak 5/99 og endra 15.02.00 sak 4/00) kommunedelplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv 1999-2010.

Fylkesplanen inneheld retningslinjer for kommunal planlegging og verksemd.

Ettersom fylkesplanen, på same måten som kommuneplanen, skal byggast på nasjonale mål, ber retningslinjene ein stor del preg av desse. Fylkeskommunen har og vedteke eigne retningslinjer eller fylkeskommunale mål i høve til kommunal verksemd.

Serleg relevans til kommuneplanen sin arealdel er:

- ✓ Arealplanlegginga og bustadpolitikken må brukast som eit verkemiddel til å redusere detlokale transportbehovet. Dette vil innebere å:
 - ✓
 - ✓ Lokalisere bustader og servicefunksjonar til grende, bygde og kommunesenter.
 - ✓ Legge til rette for bustadbygging i sentrum som er tilpassa ulike aldersgrupper med vekt på unge og eldre sine behov.
 - ✓ Utarbeide retningsliner for å lokalisere spreidd busetnad utanfor sentra der ein legg vekt på nærleik til barnehage, skule, butikk, offentleg veg og andre funksjonar i dagleg livet
 - ✓ Stille krav om ei fysisk utforming som gjev betre grunnlag for sosialt samvære og tilgjenge til viktige servicetilbod
 - ✓ Kvalitetssikre gjennom fysisk planlegging. Utvikle bygd og tettstad med tanke på å verne den kulturelle identiteten. Trygge staden sitt særpreg og stimulere den einskilde til å vise ansvar. Ei medviten satsing på estetikk, arkitektur, bygningsmiljø og natur og kulturlandskap må vere viktige deler av kommuneplanen.
 - ✓ I høve til tettstadutforminga legg fylkesplanen dette til grunn for kommuneplanarbeidet:
 - ✓ Kvaliteten bør vere eit nøkkelord i alt arbeid med det fysiske miljøet, og det bør arbeidast aktivt ut frå plan og bygningslova sine krav om estetikk.
 - ✓ Utarbeide stadanalyse: Tettstadane si form og utbyggingsmønster skal tilpassast naturlandskapet. Lokalhistorie og respekt for eldre byggeskikk skal vere viktige fundament for utviklinga i tettstaden.
 - ✓ Samanhengande grøntstruktur skal binde saman dei bygde områda og friområda med friluftsliv og utmarksområda omkring med eit nett av tur, gang og sykkelveger.
 - ✓ Eksisterande elvar, bekkar, strandlin og våtmark skal bevarast som element i grøntstrukturen.
 - ✓ Sentrum skal utviklast som eit attraktivt miljø og møtestad for handel, næringsliv og kultur. Forretning med bustader i sentrumsområda må tilpassast ulike aldersgrupper med vekt på unge og gamle sin trong.

- ✓ Utfylling og fortetting i eksisterande byggeområde skal vurderast før nye område vert planlagde for utbygging. Eldre hus og bygningsmiljø er ressursar i stadutforminga og bør vedlikehaldast, nyttast og eventuelt byggast på med utgangspunkt i og respekt for sin opphavslege byggeskikk. Tradisjonell materialbruk med tilknytning til lokalt næringsliv bør prioriterast der det er ein del av staden sitt arkitektoniske og estetiske særpreg.
- ✓ Nye bygningar skal spegle samtida og harmonere med omgjevnadane.
- ✓ I LNF-områda omkring tettstadane skal det leggjast særleg vekt på vern av natur og kulturlandskapet og omsynet til friluftslivet. Karakteristiske hovudtrekk, naturtypar og landskap skal i størst mogeleg grad oppretthaldast, og verdifulle lokalitetar, førekomstar og artar må takast vare på i sitt naturlege miljø/leveområde.
- ✓ LNF-områda nær tettstadane skal være NEI-område for spreidd utbygging som ikkje har tilknytning til stadbunden næring.

I høve til bygdeutviklinga eller i mindre bygder utan definert sentrum kan det i kommuneplanen opnast for spreidd bustadbygging i LNF-områda. Konsekvensen må likevel vere gjennomdrøfta. Også i slike område bør ein lokalisere bustader nær viktige fellesfunksjonar som gjennomgangsveg, skule, barehage, butikk o.l.

Fylkesplanen er ein felles og samordna plan for fylkeskommunen og statlege styringsorgan på fylkesnivået. Fylkesplanen og fylkesdelplanar er ein del av grunnlaget for kommunal planlegging. Det er m.a. utarbeida Fylkesdelplan for arealbruk som er brukt som grunnlag for utarbeiding av denne planen.

BIOLOGISK MANGFALD

Biologisk mangfald er mangfaldet av alt levande, og femner om variasjonen av naturtypar, av artar og mellom artar (genetisk variasjon). Som ein del av ei nasjonal satsing har Bremanger kommune utført kartleggjing av dette mangfaldet i perioden 2001-2003, med grunnlag i innsamling av kjent kunnskap og nye feltundersøkingar.

Resultata syner at kommunen har eit stort biologisk mangfald. Spennvidda i landskap, klima og kulturpåverknad er hovudårsaken til dette. Her er bratte kystfjell, idylliske skjærgardsområde og flotte sandstrender ut mot havet, saman med kystlyngheier og kalkrike enger. I fjordstrøka har ein fuktige skogsmiljø med gammal furuskog og lauvskog, rike edellauvskogar, bratte bergflog og blokkmark, små fossefall og magre beitemarker. Oppe på snaufjellet finst kalkrike fjellparti med sin særeigne flora. Nokre område er verna eller føreslege verna etter naturvernlova, noko som gjeld fleire verneområde for sjøfugl, eit barskogsreservat, to myrreservat og eit landskapsvernområde.

Tabellen nedanfor gjev ei oversikt over kva for naturtyper som er registrert under kartleggjinga. I alt er det funne 93 ulike lokalitetar. I tillegg finst mange verdifulle viltområde, samt fleire område av geologisk og kvartærgeologisk interesse. Lokalitetane er spreidd over heile kommunen og av svært varierende storleik.

Naturtype	Svært viktig	Viktig	Lokalt viktig	Uprioritert
Myr				
Intakt låglandsmyr	1			
Rikmyr	1	1		
Andre viktige førekomster	1			
Fjell				
Kalkrike område i fjellet		5		
Rasmark, berg og kantkratt				
Sørvendte berg og rasmarker	1			

Nordvendte berg og rasmarker	9	4	1	
Kulturlandskap				
Slåtteeenger	1	2	4	1
Naturbeitemark	5	6	4	
Kystlynghei		2	2	
Store gamle tre		1	1	
Skog				
Rik edellauvskog	3	2	1	
Gammel lauvskog	5	6		
Urskog/gammelskog	3			
Kystfurskog	1			
Andre viktige førekomster			1	
Ferskvann/våtmark				
Andre viktige førekomster			4	
Kyst og havstrand				
Sanddyner	1			
Sandstrender	2	1		
Strandeng og strandsump			1	
Brakkvannsdelta		1		
Brakkvannspoller		2		
Andre viktige førekomster				6
Sum: 93 lokaliteter	34	33	19	7

SITUASJONEN I DAG OG HOVEDPROBLEM

Bremanger sin spesielle geografi og topografi set kraftige ytre avgrensingar for utviklinga av kommunen. Det gjeld både kommunikasjonar og utbyggingmønster.

Kommunen er 831 km², med spreidd busetting av 4.077 innbyggjarar pr 01.01.2003, og 4.067 innbyggjarar pr 01.01. 2004.

Kommunen hadde i siste 10 årsperiode ein relativt jamn attendegong i folketalet frå 4.440 til 4077, gjennomsnittleg 36 pr år. Nedgongen har flata ut i det siste.

Tiltaket frå kommunen, vart omstillingprosjektet gjennom det kommunale føretaket Bremanger VeKsT. Hovedmålet skal vere å halde/stabilisere folketalet på over 4.000

Dei 4 bygdene Svelgen, Davik, Bremanger og Kalvåg har ei tettstadanning. Kalvåg og Bremanger ligg på øydelen i kommunen og Davik og Svelgen på fastlandsdelen.

Sjølv om fastlandsambandet vart opna til Bremanger 12.07.02, er sjøestykke Frøysjøen med hovedskipslei, ei kraftig kommunikasjonshinder for sterkare sentrumsdanning, og for å nå ein felles arbeidsmarknad innan kommunen. Mykje av dette vil betra seg når ny riksveg er fullført Kolset- Bortne- Sjørdalen- Svelgen.

I hovedsak ligg busetnaden langs sjøen og fjordane, då terrenget stig etter måten sterkt oppover i liene, fjellmarka, og høgfjellet innover til Ålfotbreen.

Bremanger er ein kystkommune med historiske tradisjonar i fiske og landbruk.

Etter satsing i Svelgen i 1917 på kraftutbygging for kjemisk industri, og medrekna kraftutbygginga i Ålfoten, har ein med 6 større kraftverk, vorte både ein kraft og industrikommune. I den seinaste tida har ein fått etablering av fiskeindustri og steinbrot, og dessutan lokale, nasjonale og internasjonale arbeidsplassar i servicenæringar, turisme, sjøfart og offshore.

Ny næringsutvikling vil i våre forhold, vere knytt til auka bruk av areal som steinbrot, kraftutbygging, fiskeoppdrett på sjø og land m.m.

Det er og stadig nye og utvida statlege arealkrav til landskapsvern/fredingsområdet på land og sjø. Viktigast vil likevel vere tiltak som fremjar arbeidsplassar og buplassar.

HOVEDMÅL OG RÅMER FOR AREALDELEN

Målsettinga med framstillinga av arealplankartet har vore å komme fram til ei arealdisponering som er ei ansvarleg forvaltning av arealressursane i kommunen, samtidig som det skal vere ein effektiv reidskap ved sakshandsaming av byggje og arealsaker.

Det er eit mål å komme ut av ein situasjon der arealforvaltninga skjer ved hjelp av for mange dispensasjonar, ei utvikling som har ført til ein del blanda arealbruk, bustadhus, fritidshus, industri- og servicenæring.

Det overordna målet for forvaltning av kommunen sine arealressursar vil være tosidig:

- ✓ Det skal sikrast eigna og tilstrekkeleg areal for vidare utbygging av dei føremål som kommunen ynskjer å legge til rette for.
- ✓ Breidda i kommunen sitt naturmiljø og kulturlandskap skal takast vare på, med serleg vekt på å sikre dyrka mark, høgproduktiv skogsmark, fjord og havstrender mot utbygging.

I enkelte tilfelle kan desse tilhøve være i konflikt med kvarandre.

Interesse motsetningane må då avvegast for kvart område. Ved hav og fjordstrender må utbygginga samlast på færre plassar. Med dette vil ein få vedvarande gode strekningar med strender, utan ny bygging innanfor 100meters beltet.

Målsettinga vidare:

- ✓ Hovudtrekka i kommunen sitt busetningsmønster skal oppretthaldast
- ✓ Leggje til rette for vekst og positiv utvikling i kommunesentert og kommunen sine øvrige tettstader og grendesentra
- ✓ Leggje til rette for at arealbruk og busetnad vert til størst mogeleg gagn for den einskilde og samfunnet
- ✓ Leggje til rett for samordning mellom statleg, fylkeskommunal og kommunal verksemd
- ✓ Sikre bruk og vern av naturressursar, herunder jordvern, i eit bærekraftig og langsiktig perspektiv
- ✓ Leggje til rett for ein tilfredsstillande og rask handsaming av søknader
- ✓ Sikre økologisk bærekraftig utvikling og ivareta biologisk mangfald
- ✓ Ta omsyn til estetikk, landskapsbilete og kulturminnevern i planlegginga
- ✓ Leggje til rette for rekreasjon og friluftsliv

Desse måla kan oppsummerast i følgjande overordna målsetting:

Bremanger kommune skal framstå som attraktiv for næring og busetnad innafor ramma av ei bærekraftig utvikling.

Følgjande rammer og føresetnader for arealdelen vert understreka:

Kommunen vil i perioden 2003- 2016 legge til rette for at det vert byggt ca 125 nye bustader, som i gjennomsnitt er 10 - 11 hus i året.

- ✓ Dertil vil kommunen støtte større (byggekostnad minst 500.000 kr) hovedombyggingar/restaureringar av eksisterande hus for ca. 60 hus eller 5 årleg.
- ✓ Ei slik bustadbygging + restaurering, vil kunne halde på folketalet, sjølv om eigarane på nedlagde gardsbruk held på våningshuset som feriebusstad, og jordarealet vert tilbydd som leigejord/tilleggsjord.

Byggefelt vert særleg prioritert på stadane med tettstadanning. Det er eit mål å få fram mindre og rimelegare bustader til eldre, einslege og ungdom. Spreidd bustadbygging vil ein prioritere på andre eigna stader i kommunen.

Bustadbygginga skal i første rekke lokalisert til stader der kommunen har kapasitet i skule/barnehage og vassforsyning.

Spreidd bustadbygging må særleg kome på busette stader som ei utviding, og bygge på rasjonelle tilhøve for god og styrka bygdeutvikling, privat og offentleg service, og seinare fellestiltak innanfor veg, vatn, avløp og elektrisk kraft.

Kommunen ynskjer ein vekst i bygging av fritidsbustader, tilrettelagt både i felt og område med spreidd bygging.

Kommunen treng eit auka tal arbeidsplassar, og det er avsett 4 nye industriområde i planen. Det meste av desse områda vil likevel liggje innafør kommunen sine delplanar på tettstadane.

Kommunal satsing på tilrettelegging av nye verksemder/arbeidsplassar, vil og krevje auka satsing innan transportsektoren. Det trengst nye vegtrasear, standardheving, vegsikring og godt tilrettelagt sjøtransport for person og godstransport.

AREAL TIL BYGGJEFORMÅL

BYGGJEOMRÅDER

Bustadområder.

På plankartet er det skilt mellom eksisterande og planlagt areal til utbyggingsformål.

Bustadbehovet er rekna til 10 - 11 nye bustader i året. Det er lagt ut tilstrekkeleg areal til denne utbyggingstakten. Det meste av bustadbygginga er venta i dei sentrale delane i kommunen.

Måle må vere å sikre tilstrekkelege areal for å gjennomføre dei bustadpolitiske mål,

- ✓ legge til rette for bustadfeltbygging i områda med tettstaddanning
- ✓ legge til rette for spreidd bustadbygging i alle grendelag
- ✓ sikre tilstrekkeleg reserveareal, som i hovedsak kan takast i bruk etter gjeldande planperiode.

I store trekk er det lagt opp til ein bustadpolitikk i Bremanger som er i samsvar med fylkesplanen sine målsettingar. Svelgen skal vere kommunesentrum. Bygdene Davik, Kolset/Rugsund, Hauge og Kalvåg skal vere tettstad-område.

Fritidsbustadområder

I dag er det i kommunen ca. 200 hytter/fritidsbustader. Desse er mest nytta i sommarvekene. Etter kvart må ein vente at ein stor del av desse også vert nytta gjennom heile året som fritidsbustader.

Det er lagt opp til bygging av 144 fritidsbustader i perioden eller 12 fritidsbustader i året. Plasseringa skal leggest både til felt og mest som spreidd utbygging i grendelaga.

Ei problemstilling i Bremanger kommune har vore, at grunneigarar ikkje ynskjer å legge ut areal til hyttebygging og at kommunen ikkje har lagt ut areal for kommunal tilrettelegging, av byggeområde for hytter. På bakgrunn av initiativ frå grunneigarar er det i føreliggande arealdel lagt til rette for begge desse måtane. Men framleis er det byggeområde i privat regi og ikkje teke sikte på kommunal innløyning.

Fleire bygdelag ynskjer tilrettelegging for hyttebygging i skog og sætremark. Det er i arealdelen ikkje avsett område til hytteområde eller LNF-område med spreidd hyttebygging utan at grunneigar har gjort framlegg om stadval.

LANDBRUKS-, NATUR OG FRILUFTSOMRÅDER (LNF-OMRÅDE)

LNF-områda utgjør størstedelen av kommunen sitt landareal; stort sett alt av spreidd busetnad, landbruksområde med både innmark og utmark, skog, fjell, strandområde, øyer, holmar og skjær.

I Bremanger er det store områder som er disponert til landbruks- natur og friluftsområde. I desse områda skal det i utgangspunktet ikkje byggjast. Kommunen har som andre kommunar med tilsvarande naturtilhøve og historie, tradisjonar for spreidd bustad- og hyttebygging. I arbeide med denne planen har basert seg på begge desse utgangspunkta.

Etablering av LNF-område med utfyllande føresegner som gjev høve til spreidd hyttebygging må gjerast med varsemd. Det bør skje på grunnlag av ei grundig kartlegging av potensielle interessekonflikter. Spreidd hyttebygging kan kome i konflikt med den type hjortejakt som skjer i kommunen og dei almenne friluftinteressene. Eit anna problem er ureining av elvar og bekkar i utmarka der ein ynskjer å oppretthalde drikkevasskvalitet. Å kunne drikke av dette vatnet er eit bidrag til ein livskvalitet det er verdt i ta vare på.

I kommunen er det krinsar og bygdar med sterk identitet. Her vert det stadig bygd ein del hus. Mange av dei som etablerer seg har røter i bygdene, og det er eit mål at det gjennom denne planen skal leggjast til rette for at denne utviklinga skal kunne halde fram. Bygging skal likevel basereast på at ein tek vare på naturgrunnlaget. Stort sett alle områda der det vert gjeve høve til spreidd utbygging ligg som ein del av etablerte grender. Dette kjem til uttrykk i korleis areal til landbruks- natur og friluftsmål og tilhøyrande forskrifter og retningslinjer er utforma.

LNF området er inndelt i 4 ulike soner utfrå haldningar til spreidd utbygging. I Sone 1 er det i utgangspunktet berre tillete med bygg og anleggsverksemd som har direkte tilknytning til landbruksnæringa.

- ✓ Landbruksområde i dag har spreidd busetnad, med ei rekke gardsbruk kringom i kommunen. Til vanleg er ikkje desse knytt til kommunalt vatn og avløp.

Målet må vere å sikre:

- ✓ landbruksinteressene, herunder jordvernet.
- ✓ det høgproduktive skogsarealet, for høg skogproduksjon
- ✓ lokale viltinteresser/friluftsområder

Areal under landbruk, natur og friluftsområde er "sikra passivt, då det ikkje er planlagt til noko anna.

Kommunedelplanen for anlegg og område for idrett og friluftsliv 1999 - 2010, har ingen bindande arealdel, og sikrar såleis ikkje areal til dei planlagde tiltaka. Idretts og friluftspanen vil inngå som ein temaplan i ein framtidig kommuneplan og i arealdelen skal inngå sikring av område til idretts og friluftstiltak.

Setrane og hyttebygging

(Nærare om setrar og sel i kommunen)

Bremanger kommune ynskjer å sjå setrane i samband med signala frå sentrale styresmakter om å utnytte utmarka, samstundes som det er særleg viktig å ta vare på ein særprega byggeskikk og det spesielle miljøet på setrane.

På fastlandet ligg setrane til vanleg øvst i skogbeltet, og i område som er sentrale i samband med beitebruk, vedproduksjon og jaktutøving. På Bremanger-landet ligg setrane i delder og smådalar, i snaumarka oppunder dei høgare høgdedraga.

Det kan tenkjast at landbruket vil bli meir avhengig av desse områda i framtida, og at trongen for driftsbygningar i utmarka eller på setrane vil auke.

Vegframføring til desse områda vil under slike tilhøve stå sentralt og være svært turvande.

Av omsyn til landbruks- og dei almenne interessene er det lite ynskjeleg at seterområda våre utviklar seg til reine hytteområder. Det vert lagt opp til ein politikk på plassering av hytter i nærleiken av setrane. Til vanleg vil ein ikkje få løyve til hyttebygging inne på setervollen eller innesprengt mellom sæterhus og gamle tufter. Derimot skal det vere kurant å få løyve til gjenreising av sæterhus.

OMRÅDER FOR RÅSTOFFUTVINNING

Kommunen har gjennom ei årrekke fått utført geologiske undersøkingar på steinførekomstar, og stilt dette til rådvelde for interesserte aktørar. Likeins har lokale grunneigarar marknadsført interesse og vilje til samarbeid om utvinning.

Det er oppstarta eit stort steinbrot på Dyrstad, og eit tiltak er under godkjenning i Gulestø. - Det må planleggast, at det over tid kan tenkjast, at 2 - 3 andre stader og er aktuelle.

Ordinære og mindre uttak av stor gråstein og pukkmasse er aktuelt. Det trengst og deponi for overskotsmasse frå byggegrunn, vegombygging til mellomlagring eller fast utplanering.

BANDLAGDE OMRÅDER, ELLER SOM SKAL BANDLEGGAST FOR NÆRARE BESTEMTE FØREMÅL I MEDHALD AV DENNE ELLER ANDRE LOVER, OG OMRÅDER FOR FORSVARET
Desse område er areal av spesiell verdi der det er lagt restriksjonar mot aktiv utnytting. På planen er følgjande områder vist:

- ✓ områder verna etter naturvernlova, sjøfugl, barskog, myr, landskapsvern
- ✓ områder verne etter kulturminnelova, helleristingsfelt
- ✓ Det er lagt inn 2 nye område som skal vernast etter naturvernlova. Dette er Eldedalen og Storemyra.
- ✓ Målet er å sikre bandlagde områder mot ei kvar form for utbygging.

OMRÅDE FOR BRUK ELLER VERN AV SJØ OG VASSDRAG.

Vingelvenvassdraget er verna mot kraftutbygging ved utbygging/overføring mot Svelgsvassdraget. Eigaren har likevel rett til og har i årtider drive eit minikraftverk til sjølvforsyning på garden.

I førebels verneframlegg frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til Direktoratet for Naturforvaltning, om Ålfotbreen Landskapsvernområde, er teke med den "søre vasstreng" ved Hjelmevatnet. Elkem ynskjer å ha denne ute av framlegget som framtidig utbyggingsreserve.

SFE har betydeleg utbyggingsplanar til godkjenning for Yksneelvane, som er regulert frå før. Dette innber betre utnytting av total fallhøgde og fleire nye kraftstasjonar i fjellmarka.

Møtet i Bremanger Kommunestyre 24.02.04 gjekk mot verneframlegget med 20 mot 2 røyster. Mindretallet hadde framlegg om vern som fylkesmannen.

Det finnst elles ei rekke konkrete større og mange små utbyggingsplanar for minikraftverk over heile kommunen

For sjøområda nær kysten, må ein sjå til at tiltak på land ikkje kjem i konflikt eller vil skade godkjende eller mogeleg nye oppdrettslokalitetar i sjøen eller andre planlagde føremål i kystsoneplanen.

FLYTANDE HYTTES

Det var i planen lagt ut eit område for fritidsbustader i sjø, flytande hytter.

På dette område er det noke uklart korleis dette skal handsamast i plansamheng då ein har lite praksis frå dette. Forbode i 100-meter belte gjeld ikkje for denne type fritidsbustader ved forankring i botnen.

Etter drøftingar med fylkesmannen vert dette trekt ut av planen. I staden vert eit nytt område ved Bukta i Vågane-bassenget, lagt inn i planen. Motsegna mot flytande hytter vert opprettholdt og oversendt Miljøverndepartementet for endeleg godkjenning.

Det betyr at kommunen ikkje kan eigengodkjenne planen for dette område.

VIKTIGE LEDD I KOMMUNIKASJONSSYSTEMET

Under dette føremålet er vist:

- ✓ Sogn og Fjordane Energiverk sine overføringslinjer.
- ✓ Fjord 1 Fylkesbåtane, ferjekaier med parkeringsplass
- ✓ Vegar (riks, fylke, kommune, privat)
- ✓ Kaier med næringstrafikk

Dei mest aktuelle riksveg-trasear er:

- ✓ Bortne - Langesjø med alternativ Bortne - Sørдалen, 2.dre byggesteg i fastlandsambandet.
- ✓ Rise- under Krana-Osen- Ulvestegane, fører riksvegtrafikk ut av sentrum, med minka stigning.
Breivika - Eikeland, under Langeneset, med riksvegtrafikk utan stigning og ut av byggefelt
- ✓ Magnhildskaret, tunnelforlenging som rassikring.

Hertil er ein klar over trongen for betra standard og mindre omleggingar av desse strekningar: Riksvegar: Bremangerlandet frå vegkryss Smørhamn - Oldeide Kolset - Davik

Birkelid - Kjelkenes vegkryss, og over garden Sandvik
Myklebust, utbetring av avkøyrsløse til Botnane

Fylkesvegar: Myklebust - Ivanaset

Kommunale vegar: Dyrstad- Aspenes

Byggeskikk og estetikk.

Stortinget har gjennom endringane i plan og bygningslova i 1995 peika på at det skal leggest vekt på estetiske omsyn i plan og byggesaker.

Omgrepet "byggeskikk" er omdiskutert. Det har vore vanleg å nytte omgrepet i samband med å gjere greie for tidlegare skikkar for utforming av byggverk. Statens byggeskikkutval synest no å legge meir vekt på dagens byggemåtar når omgrepet skal definerast. For å oppnå god byggeskikk må nye byggverk ha eit godt samspel med omgjevnaden og lokale ressursar, og handtere estetiske, tekniske og bruksmessige behov på ein føremålstenleg måte.

I utfyllande føresegnar til arealdelen kan ein for byggeområde og for dei LNF-områda der det er tillate å bygge spreidd busetnad, fastlegge byggehøgde, grad av utnytting, form osv. Det er då ein føresetnad at føresegnene er så konkrete at det i liten grad kan brukast skjøn.

Det er vanskeleg å utarbeide konkrete og vidtfemnande reglar om byggeskikk og estetikk til ein arealdel som femner om heile kommunen. - Det bør vurderast å ha slike retningslinjer for seinare kommunedelplan i Svelgen og i Kalvåg.

Nasjonale, regionale og lokale interesser for å ivareta byggeskikk og estetikk i kommunen er imøtekome i arealdelen i form av plankrav for byggeområde og LNF-områda der spreidd busetnad er tillate.

Kulturlandskap og kulturmarkstyper

Bremanger kommune har eit vidt utval av kulturlandskap og kulturmarkstypar.

Dette skuldast topografiske variasjonar i kommunen, og skilnad i berggrunn, klima og vegetasjon.

Utnyttinga av naturgrunnlaget og driftsformene i jordbruket er tilpassa både kyst og fjordstrok.

I eit samarbeidsprosjekt mellom fylkeskulturavdelinga og regionalstaben i fylkeskommunen, miljøvernavdelinga hjå fylkesmannen og Sogn og Fjordane Distriktshøgskule, er det vald ut 17 typeområder i Bremanger kommune. Fem av desse

representerer heilskapelege gards og husmannsmiljø, medan to er knytt til stølsmiljø. Dei andre områda omfattar kulturmarkstypar som slåtteeing, lynghei, torvtak og beitebakke. Ved utveljing av typeområda er det lagt vekt på å sikre ei geografisk spreiding, og å finne fram til område som representerer ulike og naturvitskapleg interessante vekseplassar. (biotopar).

Områda er også vurderte med tanke på kulturhistorisk/etnologisk verneverdi og i forhold til verdi for friluftsliv/reiseliv.

Kvart typeområde er skildra med viktige karaktertrekk og inneheld ein skjøtsel og verdivurdering. Val av forvaltningsmodell for dei ulike områda vil i stor grad vere avhengig av politiske avgjerdsler og prioriteringar både nasjonalt, fylkeskommunalt, kommunalt og lokalt. Ved oppfylgjande arbeid med typeområda må det utarbeidast detaljerte skjøtselplanar, særleg for dei heilskapelege kulturlandskapsmiljøa.

Sjølv om ein på denne måten prøver å støtte vernetanken, er det heilt prisgjeve grunneigaren sin skjøtsel. Det er grunneigaren som er forvaltaren av området, og som ved ein skjøtselplan må vere viljug til å oppretthalde dei karakteristiske hovedtrekka, naturtypene og landskapa og ta vare på dei naturlege miljø- og leveområda for dei bestemte artane.

Allemannsretten - friluftsliv.

Allmenta sin rett til å ferdast fritt i skog og mark er ein del av kulturarven vår. Dette er ein hevdvunnen rett frå ei tid då utnytting av ressursane i utmark og sjø var ein del av livsgrunnlaget. Allemannsretten femner såleis ikkje berre om rett til å ferdast, men også om å plukke bær, sopp, ville urter, "treavfall" til kaffibålet osv.

Allemannsretten galdt ikkje berre bruken av naturressursane for å kunne overleve, men også rett til reell fridom og likskap. Alle var likeverdige i skog, fjell og på sjø, og uavhengig av sosial status.

Det er viktig å ta vare på dei mest attraktive turområda for allmenta og då særleg dei nærområda som er lett tilgjengeleg for dei minste.

Like eins er det ei utfordring å kome fram til sjøen og vassdraga.

Ivaretaking av naturkvalitetar

Natur som har særleg nasjonal verdi er vorte freda etter naturvernlova. På landsbasis utgjør dette 6,5 % av arealet. I Bremanger kommune gjeld dette i hovedsak helleristingsfeltet i Vingen, sjøfuglområde i Frøyskjera og Veststeinen. Hertil er det verneframlegg om Storemyra i Ålfoten og myrområder i Eldedalen. Likeins barskogreservat i Sørtdalen og Ålfotbreen landskapsvernområde. Skulle dette bli resultatet vil ein nokså stor del av kommunen vere under freding eller vern.

Naturforvaltning i kommunen skjer bl.a ved å sette av areal til LNF-område (område for landbruk, natur og friluftsliv). At denne samankoplinga er ufråvikeleg, er av mange sett på som ein mangel på verkemiddel i naturforvaltninga. Kommunen kan ved å sette av areal hindre bygging der. Dette er ikkje godt nok som vern mot inngrep.

Det er grunneigarane som er dei eigentlege primærforvaltarane av LNF-områda.

Difor må naturforvaltninga og LNF-områda skje i nært samarbeid med grunneigarane.

Frådeling og bygging i 100-metersbeltet langs sjø.

Med ein del unntak er det forbod mot frådeling og bygging i 100-metersbeltet langs sjøen. Dette gjeld ikkje i tettbygde strok, eller i område der det er vedteke reguleringsplan eller område som i arealdelen av kommuneplanen er lagt ut som byggeområde eller område for råstoffutvinning.

I arealdelen, er dei fleste utbyggingsområda i LNF-områda areal på oppsida av veg innanfor 100-metersbeltet.

Frådeling og bygging i vassdragsnære område.

For å sikre allmenta tilgjenge langs vatna og ei største elvane er det turvande at det vert sett ei byggegrense. I denne arealdelen er avstanden sett til 25 meter og gjeld for alle vatna og dei elvane på plankartet som er markert med elvebreidda.

Reglane som er knytt til LNF-områda synest å vere eit styringsverktøy for supplering ikkje minst til dei mindre elvane. Store områder i utmark og fjellområde er sett av til ordinære LNF-område der det ikkje kan førast opp spreidd busetnad eller hyttebygging.

AREALFORVALTNING I GRENDENE

Ålfoten krins (Omfattar Ålfoten og Isane)

Innspel frå møtedeltakarar i Ålfoten og Ålfoten Grendautval tyder på stor semje om turvande tiltak i planen.

I dag har ein byggefelt i Bråtane. Framleis er det ledige tomtar. Ein har i dag hyttefelt ved Langesjø for brukarane på Myklebust. Skytebana i Karlskaret får utvida fareområde og lysløypa vert som før.

Tiltak som går inn i arealplanen:

- ✓ Ålfoten Grendautval har no fått utarbeidd reguleringsplan for Sigdestadneset. Føremålet er proritert til hyttebygging, bubilplassar, camping og sjøbruk.
- ✓ Området mellom Sigdestadneset og Ålfotetunet er teke med som nytt tomtefelt. Likeins hyttefelt ved fjorden innst i Førde. Dessutan kan brukarane i Førde få hyttetomtar på Førds-setra.
- ✓ Ein har i dag 7 ledige hyttetomtar ved Langesjø for grunneigarane på Myklebust. Nytt hyttefelt på Dalsete. I Ålfoten eig SFE store kraftverk i Åskora og Yksnelvane. Det føreligg godkjend reguleringsplan for veg mellom kraftstasjonane, og til fjells fram til Bjørndalsvatnet. Med ny kraftutbygginga vil det kome fleire nye kraftstasjonar.
- ✓ Minikraftverk Myklebust

Samla omfang av tiltaka: 7 bustader og 16 hytter

Davik krins (Omfattar Dombestein, Davik og Endal)

(For tettstaden Davik skal det seinare utarbeidast serskild kommunedelplan. Innanfor tettstaden er byggefelt , vassverk, kyrkje skule/barnehage, eldrebustader, legesenter, post , butikk og fiskeindustri)

Det er få ledige bustadtomtar og hyttetomtar. Etter innspel frå bygdemøte og grunneigarar ser ein trong for utvida tilbod, både i tettstaden og ute i krinsen.

Tiltak som går inn i arealplanen:

- ✓ Dombestein, bustadtomtar på oversida av riksvegen, og på Øvre Dombestein
- ✓ Davik, hytter for grunneigarane i fjellmarka Mosehaugane - Kvitesanden.
- ✓ Endal, hytter for grunneigarane i fjellmarka ved Endalsvatnet - Gamlesetra.
- ✓ Endal, hytter ved fjorden SF

I tillegg kjem bygging innafor grensa for ny kommunedelplan

Minikraftverk i Hausleelva, Dombestein, Isane

Samla omfang av tiltaka: 10 bustader og 12 hytter

Kolset krins (Omfattar Elde, Rugsund, Leirgulen, Bortne, Rugsundøy, Vingelven, Hennøystranda)

For tettstadane Rugsund - Kolset skal det seinare utarbeidast serskild kommunedelplan. Her er det byggefelt, vassverk, kyrkje, skule/barnehage, butikk og fiskeindustri. Det er få ledige bustadtomter. Innspel på bustadtomter er knytte til tettstadane. Innspel på hyttetomter er knytte til Leirgulen - Lofnes, og til Gloføykje for camping/hytter, og desse stadane går inn i arealplanen.

Tiltak som går inn i planen:

- ✓ Bustdbygging innafor ny kommunedelplan Rugsund- Kolset.
- ✓ Hytter som spreidd bygging Leirgulen - Lofnes.
- ✓ Gloføykje camping og hytter.

Mogeleg framtidig massetak i Hennøystranda (fjellmarka)

Samla omfang av tiltaka: 10 bustader og 12 hytter

Berle krins (Omfattar Berle, Berleneset, Klubben, Hunskår og Oldeide)

Innafor krinsen er det skule/barnehage, kyrkje, gravplass, spreidd bustadområde. Berle har store areal eigna for byggeområder og treng å utvikle tilgjenge til bygging av hus og hytter. Det er innspel frå Berle Grendalag som ynskjer byggefelt, eldrebustader, hyttefelt, steinutvinning i Skippardalen, sikring og utvikling av kulturtiltak for tunnellane i Gotraneset, badeplass i Berlepollen og tur/friluftsområde i Berledalen. Grendalaget ynskjer og ny veg Berle - Skippardalen - Ryland, og ny tilkomstveg til Berle skule.

I Berle er det eit mindre byggefelt. (spreidd bustadområde)

Ved Gotraneset er det byggeområde med spreidd hyttebygging. Det er og eit nyleg regulert hyttefelt i Berleneset som det ikkje er bygt på.

Tiltak som går inn i arealplanen:

- ✓ Spreidd bustadbygging med utviding av eksisterande byggeområde i Berle
- ✓ Byggeområder for hus/hytter på Ytre-Hauge og hytter på Gotraneset.
- ✓ Byggeområde for hytter Berleneset og på Klubben.
- ✓ Spreidd hyttebygging Liset - Murvik.
- ✓ Industriområde på Gotraneset (tunnellane/ krigsminne) skal stå som LNF-område) Noverande treindustri kan fortsette.
- ✓ Massetak-område nord for Gotraneset kan fortsette.

Omfang av tiltaka: 10 bustader og 20 hytter

Hauge krins (Omfattar (Bremanger)Dalen, Hauge, Torvanger, Igland, Grotle, Senneset, Førde, Ryland, Nødset, Vågane)

Innafor krinsen er det skule/barnehage, kyrkje, byggefelt i Håskaret, Hauge, Struen, Torvanger, og spreidd byggeområde for bustader i Løvikstranda, .

Dette omfattar grense for kommunedelplan for Hauge krins.

Ein har motteke fylldige innspel på arealbruk til byggefelt, spreidd bustadbygging, hyttefelt, spreidd hyttebygging, næringsareal, naturbruk og friluftsområder, tiltak/mudring Iglandsvik for styrking av fiskeindustri og hamn for sjarkflåten, større vegbreidde Kalvåg- Struen og Iglandsvik- Oldeide, tunnell Dalsbotten - Oldeide med etterbruk av tunnellmasse.

Det er frå arbeidsgrupper og bygdemøte, flest innspel på byggetomter, i tilknytning og utviding av ovannemde eksisterande byggeområder.

Grotle og Igland Grunneigarlag har for sine områder gjeve innspel på bustadområde Indre Grotle, hyttebygging i stølsområde Nøre Bakken, næringsareal på Iglandsvik , og ved etablering av minikraftverk, vindkraftanlegg på Bremangerfjellet, golfbane, sikring

av fornminne Veteplassen og Gamle Grotle kyrkjegard. Parkeringssituasjonen ved Grolesanden bør vurderast.

Grunneigarlaget viser også til nærare tiltak under utgreiing i sin utmarksplan.

Tiltak som går inn i arealplanen:

- ✓ Spreidd bustadbyggeområde på Ryland,
- ✓ Regulert byggeområde på Eikeset
- ✓ Spreidd byggeområde for bustad og hytter ved Ryland skule til endepunkt av Nødsetvegen,
- ✓ Utviding av spreidd hyttebygging ved Myrvatnet.
- ✓ Minikraftverk, Grotle, Klungreset, Førde

Det meste av bustadbygging i Hauge krins må likevel kome innafør, den nye kommuneplandelen (kvitt felt Grotle, Struen, Løvikstranda.)

Framlegg om flytande hytter i Vågane- Trongesundet, er teke ut av planen og vert fremja serskilt for område i Bukta.

Areal for vindkraftproduksjon, er etter merknar frå Forsvaret ikkje aktuell for Bremangerfjellet, og er teke ut av planen

Omfanget av tiltaka: 36 hus og 46 hytter (utan 4 flytande hytter)

Frøyen krins (Omfattar (Kalvåg) Frøyen, Steinset, Nesje, Smørhamn, Novelandet) Innafor krinsen er det skule/barnehage, bu og servicesenter, kyrkje, fleire bustadfelt, hyttefelt og byggeområder for spreidd hyttebygging, fiskeindustri, mekanisk industri, handverk og serviceverksemder, butikk, restaurant og reiselivsverksemder.

Tettstaden Kalvåg har nyare reguleringsplanar og i tillegg estetisk plan, godkjend av fylkesmannen 25.10.2000.

Kalvåg vert teke med i arealplanen med ytterlegare utviding av areal for husbygging.

Det er ikkje meininga å lage serskilt kommunedelplan for sentrumstaden i nær framtid.

Etter bygdemøte og melding om oppstart er det mange innspel frå lokal arbeidsgruppe av grunneigarar, representantar frå lokale organisasjonar og verksemder.

Innspelet er støtta med tilslutnad frå Kalvåg Bygdelag.

Etter møtet i arealplanen si faggruppe, er framlegg til areal for spreidd hyttebygging vesentleg auka og lagt til nye stader. - Etter nye merknader frå grunneigarar og Kalvåg Bygdelag er arealframlegget vesentleg redusert og elles flytta. Det siste gjeld Steinset og Liset.

Innspel om næringsareal er utviding i Smørhamn. Avsetting av trafikkareal ved Holten (hamna i Kalvåg) til terminal for sjøverts persontrafikk og annan service, er trekt ut av planen

Det er innspel på aktiv bruk av steinuttak i Smørhamn, Vardeneset(Stranda) og Lisethøgda.

Viktige landbruksområde må vernast mot nedbygging, særleg Frøyalandet, Stranda, Nesje, Steinset, Liset, Kjerpeset-Bakke.

Vilkåra for vegferdsla må betrast, og ein nemner Oldeide-Kalvåg og heilt fram til Frøysjøterminalen. Det er sterkt ønskjeleg med ny og betre veg til/frå Berle.

Forslaget er Ryland - Skarstein.

Krinsen treng ein campingplass i gangavstand frå Kalvåg sentrum. Det er innspel på område mellom moloen og Bontelabo.

Tiltak som går inn i arealplanen:

- Nye byggeområder for bustader og hytter på Liset.
- ✓ Nye byggeområde for hytter på Steinset, Vegkryss Olderøy -Sleneset, Skjyneset-Nesje, nord og sør for Skutevika, Bakkevika, (Kjerpeset, Bremnes, Bakkeer trekt ut av planen.

- ✓ Utviding av eksisterande byggeområde for hytter i Gildreneset og i Smørhamn.
- ✓ Utviding av husbyggingsområde i Kalvåg, med reguleringsplan.
- ✓ Campingplass ved Bontelabo, eller anna areal i gangavstand frå Kalvåg sentrum.
- ✓ Landbruksområde skal behaldast samla på strekninga frå Frøyen lykt til Kleivane.
- ✓ Utviding av steintak Smørhamn og Lisethøgda.

Omfang av tiltaka: 24 hus og 31 hytter (4 flytande hytter er trekt ut av planen)

Svelgen krins (Omfattar Svelgen, Nordgulen, Midtgulen og Sørgulen)

Innafor krinsen er det skule/barnehage, bu og servicesenter, omsorgsbustader, bustader, kyrkje, kommunesenter, reiselivsverksemder, butikkar, smelteverk, 5 kraftstasjonar, rute og godsbilstasjon, steinbrot og oppdrettsverksemder.

For tettstaden Svelgen kan det seinare utarbeidast serskild kommunedelplan.

Men dette har truleg lite hast då reguleringsplanar i Svelgen er bra oppdaterte, og kan handtere situasjonen framover, så lenge ein ikkje får ein direkte stor næringslivsekspanasjon.

Innspela er kome frå arbeidsgrupper i bygdemøter, frå Botnane Grendalag, grunneigarar i Botnane, Elkem Bremanger og Fred. Olsen Renewables.

Innspela til arealplanen er i hovudsak knytte til arealbruk utanfor tettstaden Svelgen, og har serleg fokus på grenda Botnane, og mot planane om steinbrot på Gulestø.

Innspela er positive til spreidd bustad og hyttebygging i Sørbotten og Nordbotten mot Gulestø. Likeeins positive til næringsareal og hamneanlegg/kai ved Korsnesvika, friområde (sandstrand/badeplass i Sørbotten), utviding av fiskeanlegg og bygging av minikraftverk i Øvrebotten.

Innspel i Gulen (fellesmenning for Sørgulen, Midtgulen Nordgulen) er:

Spreidde byggeområder for hus og hytter, steinbrot Gulestø og Dyrstad- Hennøy, areal for vindkraft og bygging av minikraftverk.

Innspel frå Elkem Bremanger er næringsareal og tilleggsareal for drift og utvikling av erverva vassdrag med 4 kraftstasjonar.

Tidlegare aktuelt areal for vindkraft er Middagshornet (Hennøystranda). Nye innspel er (Fred. Olsen Renewables) Snøfjellet, Myklebustfjellet, Langevatnet, Mullislettene, Grøfjellet, Slettevarden, Holten, Grøneggja, Fossedalseggja, Steinheia, Skudalsnipa, Botnanipa, Rognen, Middagsnova, Sørnipa og Aurbrekkene.

I dag er det spreidd bustadområde i Sandvika og Ytrehus. Eit ferdig regulert og godkjendt hyttefelt ligg mellom Ytrehus og Sandvik på nedsida av riksvegen.

Det er førebels ikkje bygd hytter, og det kan vurderast å omdisponere noke av dette arealet for bustadbygging.

Tiltak som går inn i arealplanen: **NB! Botnane er teke ut av planen.**

- ✓ Spreidde bustadområder i Sørgulen, Ytrehus, Sandvik (Nedre, nedanfor riksvegen) Dyrstad-langeset.
- ✓ Innanfor krinsen ventar ein mest bustadbygging i Svelgen (innanfor kvitt felt, kommunedelplanområde)
- ✓ Utviding til regulert byggefelt i Sandvik(Øvre, ovanfor riksvegen)
- ✓ Spreidd bustad og hytteområder i Mulelid-Vindspoll, Myklebust, Ytrehus- Sandvik, Nesbø
- ✓ Spreidde hytteområder Mulehamn, Myklebust, Indrehus(Demmevatnet grunneigarane), Nesbø(Dalestølen v Omvendekarvatnet, grunneigarane)
- ✓ Næringsareal Holmane, Sætrevika, Indrehus
- ✓ Elkem Bremanger, byggeområde for gjennomføring av drift og utviklingstiltak av 4 vassdrag med eksisterande kraftstasjonar. Dertil vidare utbyggingstiltak, med vegframføring, auka utnytting av fallhøgder i vassdraga, takrenneprosjekt, utbering for auka slukeevne i tunnellar o a.
- ✓ Elkem Bremanger småkraftverk Straumane, Sørvalen, Bratthamarvatn
- ✓ Minikraftverk Sørgulen 2, Eikeland, Rise.
- ✓ Areal for vindkraft Middagshornet (Hennøystranda).
- ✓ Nytt innspel, Fred. Olsen R, på vindkraftområde (i hovudsak vest for riksveg 614 i Magnhildskaret) vert vert vurdert som mogeleg å utbygge i framtida.

Omfanget av planen: 28 hus og 27 hytter

Samla omfang av planen

Bustader og hytter/fritidsbustader for 2004 - 2016 (12 år

Krinsar	Bustader	Fritidsbustader/Hytter
<i>Ålfoten</i>	7	16
<i>Davik</i>	10	12
<i>Kølset</i>	10	12
<i>Berle</i>	10	20
<i>Bremanger</i>	36	50
<i>Frøyen</i>	24	31
<i>Svelgen</i>	28	27
<i>Sum plan</i>	125	167
<i>Målsetting Pr år</i>	11	11
<i>Byggeløyver sum siste 3 år</i>	17	29